

Til landets kommuner

Rundskriv IS-3/2016

Kriteriedata for inntektssystemet 2017

Registrering av tal på personar med psykisk utviklingshemming i kommunane

Dette rundskrivet erstattar rundskriv IS-3/2015.

Tal på registrerte personar med psykisk utviklingshemming pr. 01.01.2016 er med og dannar grunnlag for utrekning av rammetildelinga i inntektssystemet for 2017. Som grunnlag for kriteriedata for inntektssystemet 2017, skal alle kommunane sende inn tal pr. 01.01.2016.

Det vi ber kommunane å registrere og sende oss, er antal personar som:

1. har diagnosen psykisk utviklingshemming (P85 i diagnosesystemet ICPC-2 og F70-79 i ICD-10),
2. er fylt 16 år pr. 01.01.2016, og
3. pr. 01.01.2016 har vedtak om tenester etter helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 første lekk nr. 6, under dette også § 3-8; personar som nokon får omsorgsløn for etter helse- og omsorgstenestelova § 3-6 i skal også registrerast.

Unntak:

Kommunen skal ikkje registrere personar som:

- a. bur i ein av Landsbystiftelsen sine bukollektiv eller landsbyar
- b. personar som det vert gitt vertskommunetilskot for; sjå oversikt over kommunar som får vertskommunetilskot i vedlegg nr. 1.

Detaljer om registreringa

Den kommunen der personen bur og får tenester, og som pr.01.01.2016 har det økonomiske ansvaret for tenestene til personen, skal registrera personen. Der heimkommunen kjøper tenester til vedkomande i ein annan kommune eller frå private aktørar, skal heimkommunen registrere brukaren.

Dersom ein person oppheld seg og får tenester i to ulike kommunar, skal det finnast ei avtale mellom kommunane om kva kommune som registrerar personen.

Registreringa skjer i Altinn-skjemaet «Registrering av tall på personer med psykisk utviklingshemning». Kommunen (den personen som har fullmakt) fyller ut skjemaet, signerar og sendar det inn til Helsedirektoratet gjennom Altinn.

Kontroll av registrering

Kommunen har sjølv ansvaret for at registreringa er korrekt. Kommunens revisor skal kontrollere at registreringa er gjort slik det står i rundskrivet. Revisor og rådmann signerer på skjemaet vedlegg 2 til rundskrivet. Skjemaet skal oppbevarast i kommunen for evt. seinare kontroll.

Tidsfrist

Frist for registrering og innsending i Altinn er 15. april 2016.

Spørsmål

Kontaktperson for spørsmål er Elin S. Kitmitto,
tlf. 24 16 32 40, epost esk@helsedir.no

Kopi:

Den norske revisorforening, post@revisorforeningen.no, Postboks 2914 Solli, 0230 Oslo

Norges kommunerevisorforbund, post@nkrf.no, Postboks 1417 Vika, 0115 Oslo

Helse- og omsorgsdepartementet, postmottak@hod.dep.no, Postboks 8011 Dep, 0030 Oslo

Kommunal- og moderniseringsdepartementet, postmottak@kmd.no, Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo

Landets fylkesmenn